

Prosjekt- og framdriftsplan for Midt-Telemark kyrkjelege fellesnemnd

Tema/ område/ sak	Oppstart	Gjennomføring	Ferdig	Utført
Opprette fellesnemnd				X
Tilsette prosjektleiar				X
Tilsette merkantil hjelp for avlastning av prosjektleiar				X
Vedta mandat				X
Fellesnemndas budsjett for 2018 og søke om tilskot				X
Samling for fellesnemnda, sokneråda og stabane				X
Informasjonsplan				X
Medverknad i prosjektperioden				X
Struktur i nytt fellesrådsområde (sokn, lokalisering av kontor), arbeidsgrupper, sokneråd og ope møte	Mars	April – mai	4.juni	
Opprette arbeidsgrupper ved behov	Juni	Juni	Juni	
Kartlegging av status for bygg og anlegg (kyrkjegard) samt kyrkjegardsdrift	Juni	Juni – august	September	
Investerings- og vedlikehaldsplan for kyrkjebygg og kyrkjegard, legge fram for kommunal fellesnemnd	Juni	Juni – august	September	
Tur med dei tilsette (ei gruppe planlegg turen)	August	September	September	
Forslag til ny tenesteytingsavtale, leggast fram for kommunal fellesnemnd	September	September – oktober	Oktober	
Kartlegging av økonomi (sokna sin økonomi, fond, investeringsplanar osv.)	September	September – oktober	Oktober	
Status arbeidsgrupper (avslutte eller opprette nye)	September	September	September	
Organisasjonsstruktur og bemanningsplan	September	September – november	November	
Fellesrådets oppgåver ovanfor sokna	Oktober	Oktober – november	November	
Skyggebudsjett og -rekneskap 2019	Oktober	Oktober – desember	Desember	
Budsjett fellesnemnd 2019, søke om tilskot	September	September – oktober	November	
Revidere prosjekt- og framdriftsplan	Desember	Desember – januar	Januar	
Revidere mandat kyrkjeleg fellesnemnd	Desember	Desember – januar	Januar	
Lage ei oversikt over, og samle stillingsinstruksar og avtalar	Januar	Januar – februar	Februar	
Samling med dei tilsette og sokneråda	Februar	Februar	Februar	
Status arbeidsgrupper (avslutte eller opprette nye)				
Verneteneste og HMS	Januar	Januar – februar	Mars	
Gravferdsforvaltning	Februar	Februar – mars	April	

Reglement og vedtekter	Februar	Februar – mars	April	
Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2024	Februar	Februar – April	April	
Arbeidsavtalar og stillingsbeskrivelser alle tilsette	Februar	Februar – April	April	
Løns- og personalpolitiske retningslinjer	Mars	Mars – April	April	
Samling med dei tilsette og sokneråda	Juni	Juni	Juni	
Arkiv (planlegge nytt og avslutte gamalt)	August	Augst – Desember	Desember	
Kyrkjeval	Mai	Mai – september	September	
Avtale og signere arbeidsavtalar og stillingsbeskrivelser for tilsette	September	September	September	
Arbeidsavtale/ leiaravtale med kyrkjeverje	September	September	September	
Tillitsvaltordning	September	September – oktober	Oktober	
Samling med dei tilsette og sokneråda	September	September	September	
Møte mellom nytt fellesråd, fellesnemnda og dei tilsette	November	November	November	

Forklaring fargekodar i planen:

Prosjektperioden	
Økonomi og eigedom	
Gravferdsforvaltning	
Personal	
Organisasjon/ administrasjon	
Samarbeid, kultur og organisasjon	
Anna	
Gjennomført	

Under fylgjer ein meir detaljert forklaring på kva kvart punkt i planen bør innehalde. Planen og forklaringane er meint som ein reiskap som må reviderast undervegs i prosjektet.

Arbeidsgrupper

Arbeidsgrupper er ei gruppe med eit mandat frå fellesnemnda. Det kan vere større eller mindre grupper som skal jobbe med klart definert tema. Prosjektleiar skal hjelpe gruppene i arbeidet. Gruppene rapporterer til fellesnemnda. Arbeidsgruppene skal i sitt arbeid gjennomføre ei enkel risikoanalyse knytt til temaet dei skal handsame. Dette for å sikre fokus på risikovurdering. Arbeidsgrupper er eit godt verkemiddel for å sikre involvering i prosessen.

Kartlegging av status for bygg og anlegg (kyrkjegard) samt kyrkjegardsdrift

For å kunne legge gode planar for framtida når det gjeld vedlikehald og drift av kyrkjebygg og kyrkjegard er det viktig å kartlegge status. Kyrkjebygga i Nes og Sauherad er undersøkt av fagfolk, og det ligg føre tilstandsrapportar på begge bygga. Kyrkjene i Bø er også ganske godt kartlagt, både av egne folk og fagfolk på nokre områder. Alt dette bør samlast i ein felles oversikt med ein kort oversikt over konklusjonar for kvart bygg.

Vidare er det viktig å kartlegge status for kyrkjegardsdrift på dei tre kyrkjegardane vi har. Det gjeld utstyr og maskinar, bemanning og driftsbygningar.

Resultatet av desse kartleggingane vil vere grunnlaget for investerings- og vedlikehaldsplan som bør bli lagt fram for kommunal fellesnemnd så fort som mogleg slik at dette kjem med i økonomiplanar for den nye kommunen så tidleg som mogleg.

Investerings- og vedlikehaldsplan for kyrkjebygg og kyrkjegard, legge fram for kommunal fellesnemnd

På bakgrunn av kartleggingane i punktet over bør det bli laga ein detaljert investerings- og vedlikehaldsplan for kyrkjebygga og kyrkjegardsdrifta framover. Eit minimum er at planen tek føre seg økonomiplanperioden 2020 – 2024. Denne planen bør sendast til kommunal fellesnemnd så snart den er klar, slik at det kan bli lagt inn i økonomiplanen til den nye kommunen.

Tur med dei tilsette

For å bli betre kjent og for å riste oss litt saman kan ein tur vere eit godt alternativ. Turen bør leggest opp med noko fagleg fokus, men også godt tid til fellesskap. Turen kan med fordel planleggast av ei gruppe.

Forslag til ny tenesteytingsavtale, leggest fram for kommunal fellesnemnd

Med ny kommune og nytt fellesråd er det viktig å få på plass ei ny tenesteytingsavtale for dei oppgåvene som kommunen gjer på vegne av fellesrådet og eventuelt sokneråda. Ei slik avtale skal også implementerast i budsjettet for fellesrådet og kommunen, og bør difor på plass så fort som mogleg.

Kartlegging av økonomi (sokna sin økonomi, fond, investeringsplanar osv.)

Før ein kan starte arbeidet med eit budsjett for eit nytt fellesråd er det viktig å få kartlagt detaljar i budsjett og rekneskap i dei to sokneråda. Ein kan nemne løn og pensjon som to store postar. Vidare er det tilskot frå kommune og bispedømmet. Investeringsplanar som går inn i det nye fellesrådet, sokna sin økonomi osv.

Organisasjonsstruktur og bemanningsplan

Dette handlar om korleis ein skal rigge ein effektiv og profesjonell organisasjon som tek vare på dei tilsette og sikrar mykje kyrkje for pengane. Korleis skal ein ivareta alle arbeidsoppgåvene samtidig som ein sikrar; gode arbeidstilhøve, god kommunikasjon, ryddige og transparente prosessar, god leiing, at HMS blir ivareteke på ein god måte osv. Det kan vere aktuelt å dele dette arbeidet opp i fleire felt, der mindre arbeidsgrupper også kan møtast for å sjå heilskapen i dette. Det er naturleg at prosjektleiar legg ein plan for dette i dialog med fellesnemnda.

Fellesrådets oppgåver ovanfor sokna

Fellesrådet er eit organ for sokna, og opptrer i all hovudsak på vegne av sokna. Det gjeld kyrkjebyggforvaltning, arbeidsgivaransvar osv. Det er viktig å vurder korleis ein best kan utføre dette oppdraget, og korleis ein kan hjelpe sokna med nå sine mål og visjonar.

Skyggebudsjett og -rekneskap 2019

For å sikre ein god overgang til nytt budsjett- og rekneskap i 2020 er det nyttig å legge eit skyggebudsjett og eit skyggerekneskap i 2019. Da kan ein oppdage utfordringar undervegs, og ta høgde for dei i planlegging og budsjettarbeid.

Budsjett fellesnemnd 2019

Kommunal fellesnemnd har bedt kyrkjeleg fellesnemnd om å søke om tilskot på nytt for 2019. Dette må gjerast i god tid og på ein ryddig måte. Kommunal fellesnemnd har i sitt vedtak utfordra kyrkjeleg fellesnemnd om å synleggjere gevinstrealisering i sitt arbeid.

Revidere prosjekt- og framdriftsplan

Denne planen bør reviderast jamleg. Planen er eit forsøk på å systematisere arbeidet og skape eit kart som stemmer med terrenget. Det er likevel veldig sannsynleg at mykje av det som blir planlagt må gjerast litt om og justerast undervegs.

Revidere mandat kyrkjeleg fellesnemnd

Det er naturleg at arbeidet med samanslåing skjer i fasar. Det er også slik at fellesnemnda i større og større grad tek over mykje av det som sokneråda tidlegare har handsama. Da vil det også naturleg følgje at fellesnemnda må få utvida mandat.

Lage ei oversikt over, og samle stillingsinstruksar og avtalar

Ein god oversikt over status på stillingar i organisasjonen er eit viktig grunnlag for planlegging vidare. Det er eit mål at alle i tilsette i det nye fellesrådet skal ha ryddige og gode arbeidsavtalar og stillingsinstruksar. Det kan vere naturleg å sjå dette i samanheng med kartlegging av økonomi.

Verneteneste og HMS

Arbeidsmiljølova og hovudtariffavtala legg klare rammer for arbeidslivet. Det skal på plass gode ordningar for den nye organisasjonen, og i samarbeid med dei tilsette skal det veljast lokale tilpassingar og avtalar.

Gravferdsforvaltning

Ei stor og viktig oppgåve for fellesrådet er gravferdsforvaltning. Korleis ein skal administrerer og drive dette arbeidet må drøftast. Fokuset må vere å møte dei etterlatne på ein god måte, ha ryddige strukturar som held orden på graver, festetilhøve osv. Det er også viktig å lage gode ordningar som gir godt tilbod om gravferdsdagar og fleksibilitet ovanfor familiar, gravferdsbyrå og dei tilsette.

Reglement og vedtekter

Som arbeidsgivar er det viktig å ha tydelege reglement ovanfor dei tilsette. For eksempel kan de vere permisjonsreglement. Det må også på plass økonomireglement og delegeringsreglement. Kyrkjegardsvedtekter er også noko som fellesrådet skal handsame.

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2024

Fellesnemnda må legge fram budsjettforslag til kommunal fellesnemnd i god tid, slik at det kjem med i budsjettarbeidet i kommunen. Budsjett for 2020 samt økonomiplan for perioden 2020 – 2024 skal vere med.

Arbeidsavtalar og stillingsinstruksar alle tilsette

Forslag til nye arbeidsavtalar og stillingsinstruksar bør leggest fram for dei tilsette etter at ein har hatt samtale med kvar enkelt tilsett. Endeleg avtale blir signert tidleg haust 2019.

Løns- og personalpolitiske retningslinjer

Felles løns- og personalpolitiske retningslinjer må på plass i det nye fellesrådet. Dette må lagast i tett dialog med dei tilsette, og vil legge grunnlaget for eventuelt nyttilsette, kommande lønsoppgjer osv.

Arkiv

Frå 2020 er det naturleg å opprette nytt arkiv, eitt for Bø sokneråd, eitt for Sauherad og Nes sokneråd og eitt for Midt-Telemark kyrkjelege fellesråd. Vidare skal dei gamle arkiva for sokneråda avsluttast, og ein må gp igjennom kassasjon, eventuell avlevering og plassere i fjernarkiv.

Kyrkjeval

Hausten 2019 skal det samtidig med kommune- og fylkestingsval gjennomførast kyrkjeval. Det skal veljast representantar til soknerådet i Bø og soknerådet i Sauherad og Nes. Dette må planleggast og gjennomførast skikkeleg.

Tillitsvaltordning

Det skal i god tid før nytt fellesråd er på plass avtalast kva ordning ein skal ha